

Tale årsmøte Telemark SP 2019 av fylkesleder i Telemark Sp, Olav Urbø

Gode årsmøte, kjære Senterparti venner, æresmedlemer og presse. Vi går inn i valkampen med meiningsmålingane så høge at ein må attende til EU kampen for å finne tilsvarande. Då eg byrja på denne tala var talet 13%, det måtte eg stryke ut og sete in 15% i staden, og det varte ikkje lenge før 16 talet kom. 16% folkes!

Telemark Senterparti kan sjå tilbake på det 6.året med medlemsframgang. I 2018 er medlemstalet auka frå 845 til 868. Sidan 1. januar i 2019 har 77 personar meldt seg inn i partiet og 21 har meldt seg inn i Telemark Senterungdom. Telemark Senterparti vil stille lister i alle kommunar i Vestfold og Telemark. Saman med Ap er partiet det einaste som gjer dette.

Dette er eit fantastisk utgangspunkt for den jobben vi alle skal gjere, nemleg eit fantastisk god lokalval. For å greie det krev det stor innsats av mange. Så takk til alle dei som har stilt seg på liste for Senterpartiet og for eit levande folkestyre. Eit godt lokalval gjev innflytelse lokalt i kommunar og i dei ny fylket, og sjølv sagt med Fylkesordførar frå Senterpartiet.

I tillegg så vil eit godt lokalval vere eit kraftig signal til dagens regjering om at mykje av det som skjer langt frå er greitt, og ikkje minst det vil gje oss ein stor og sterk organisasjon inn mot stortingsvalet 2021. På 4 år har regjeringa gjort gjort mykje ugagn, på 8 år vil det vere for mange ting som ikkje er reversibelt, på 12 år kan ein endre mange ting i samfunnet for godt. Difor er valet i 2021 så utruleg viktig.

Valet i 2021 er sjølv sagt mange einskildsaker, men det er så mykje meir enn det, det handlar om kva for retning vårt samfunn skal ta. Meir folkestyre og mindre sentral byråkrati, små forskjellar mellom folk, tenester der folk bur, arbeidsplassar over heile landet, nasjonal råderett over naturressursane, eit anna tempo og ikkje minst heilt andre type tiltak i klimasaka, og eit anstendig arbeidsliv. Lista kan gjerast uendeleg lang.

Det har vore ei utvikling i samfunnet der makt er flytta frå folkevalde til departement, direktorat og føretak. Dett har vore ein bevisst politikk. Resultatet er direktørvelde og ein massiv auke av administrative stillingar. Samstundes som politi og sjukehus har ein akutt behov for etterforskarar, politipatruljar, lega og sjukepleierear. Saka er at vi druknar i statsbyråkrati. Det er feil bruk av ressursar, det er ineffektivt og det er kvelande for samfunnet. Dette er ein av dei viktigaste sakene for Senterpartiet framover.

Systemet fører til at avgjersler viktige for folk vert teke av direktørar og foretaksstyrer. Eksempel. Kvar for sjukehus tilbod og kvar? Kven som skal operere våre tog, organisering av domstolane og ikkje minst politi tilstade i heile landet. Politikarar gøymer seg bak dei same direktørane og styra, ansvar vert pulverisert. Men kjære Senterpartivener, vi veit betre. Politikarane kan sjølv sagt gripe inn, det handlar om vilje.

Saka er at det er ein villa politikk av dagens regjering.

Regeringa skuvar kostnader over på folk flest. I dag må folk køyre langt for å få pass og trusselen er overhengande for at det same kan skje med oppkøyring til førarkort. Det er flåsete og upresist sagt at «pass spelar vel ingen rolle om ein må reise litt, er bare kvar 10 ande år uansett». Dette er tull. Born må fornye kvart 2.dre til kvart 5 åravhengig av alder, og mange arbeidstakarar som reiser mykje til land der visum er eit krav treng å ha to pass. Pass nr. 2 må fornyas. kvart andre år. Viss ein summerer opp små og store ting som er sentralisert så er det samfunnsøkonomisk blitt ein ikkje ubetydeleg meirkostnad ved at folk må ta fri frå arbeid. Og apropos trafikkstasjonar, i ein rapport som regjeringa har lagt fram så forslår ein der å legge ned 26 av 75 trafikkstasjonar.

Så har dagens regjering innført eit generelt effektiviseringskrav til dept. direktorat, føretak, kommunar etc. Problemet er at det er etatane sjølve som skal gjere det utan føringar. Det som skjer er at det skjer ikkje reduksjon på toppen i dept. og direktorat, det skjer i fyrstelinjetenesta. Dette merkar ein nesten dagleg og er og i mange tilfelle årsaka til innsparings og nedleggingsforslag av tenester nærast folk. Å sette leiinga av statsbyråkratiet til dette er som å sette bukken til å passe havresekken.

Så må eg seie noko det totale fråværet av samfunnsøkonomar og samordning mellom departement i staten. Den fragmenterte stat har aldri vore verre. Det verkar som at ein trur at og eg sparar noko i eit dept så er det spart samfunnet. Alle veit at dette er ikkje er korrekt, reelt sett så flyttar ein kostnaden over på andre dept. Kommunane, privat næringsliv eller privatpersonar. Det verkar så lite når ein snakkar om ein og ein ting men når ein samlar opp og ser det i ein samanheng så vert det mykje.

Senterpartiet foreslår ein tillitsreform i offentleg sektor. Forslaget har vore på høyring og skal handsamas på landsmøtet.

Dette forslaget handlar om å byrje der vi kan gjere noko sjølve og der vi har innflytelse, nemleg i kommunar og fylkeskommunar. Det er ingen tvil om at 100 SP ordførar etter valet har alle mogelegheiter til å sette agendaen.

Det handlar om å ha ein kommunal organisasjon med sjølvgåande tilsette og der flest mogeleg avgjersler vert teke i førstelinje, nemleg hjå sjukepleiarar, hjelpepleiarar, barnehagetilsette og lærarar. Det i seg sjølv vil vere sær effektiv. I tillegg må ein gå gjennom rutinar, prosedyrar med tanke på å forenkle.

Det handlar om å gje læraren betre tid til å vere lærar og mindre til administrative oppgåver. Og attendemeldingane er det same over alt. Tilsette held på å drukne i administrative ting og får ikkje gjort den jobben dei ynskjer. Og det blir verre og verre. 3 part samarbeidet er sentralt i så måte, dette skal ikkje erstatte verken kommunestyret, ordførar eller rådmann sin mynde men vere ein arena for å finne løysingar som kan frigjere ressursar, finne betre løysingar og mindre byråkrati. Fleire SP kommunar har gjort dette med stort hell.

Klima og miljø:

Det har vore eit forsøk frå avisa Vårt land å beskrive eit ulmande klima opprør i Senterpartiet. Etter mitt syn ei veldig upresis beskrivelse. Men når det er sagt så er det eit sterkt aukande engasjement og ikkje minst utolmodigheit med å kome frå ord til handling. Og det er bra. Og så har vi nok ikkje vore gode nok til å faktisk marknadsføre den miljøpolitikken som er forankra i vårt program, som vi presenterar i våre alternative statsbudsjett kvart år. Det betyr sjølv sagt ikkje at alle er einige i alt, og sånn skal det heller ikkje vere. At vi kanskje ikkje har fått det godt nok fram betyr at vi må gjere det betre. Så er det så at vi set ikkje agendaen for alt, det gjer mellom anna pressa. I så måte så er

opplaget i Vårt Land ikkje eit problem ein mogelegheit for å sette Senterpartiet sin miljø og klimapolitikk på dagsorden.

Mykje av regjeringa sin politikk er billig symbolpolitikk.

Det er eit paradoks at dagens regjering ikkje tek eit av dei største klima problemet meir alvorleg nemleg nedbygging og kvaliteten på vår dyrebare matjord. Det å produsere berekraftig mat tilpassa det matjorda og beiteområde tåler må vere heilt sentralt på denne kloden vår. Og At regjeringa ikkje ser skogen nok som ein del av løysinga er og bekymringsfullt.

Svaret frå regjeringa og særleg statsråden er meir vern av skog, meir rovdyr og mindre produksjon av kjøtt i Noreg. Alle svara er så feil i forhold til klima utfordringane verden står ovanfor. Det beste eksempel er saueneringa. Ei næring som nyttar store utmarksbeite som vanskeleg kan brukast til anna matproduksjon. Utmarksområde som vil Gro att viss dei ikkje vert nytta. Paradokset er at det er i attgrodde kulturlandskap det nå forsvinn flest artar.

Senterpartiet må seie nei til meir vern av skog. Vi må ta alle skogressursane i bruk på ein berekraftig måte. Dagens politikk er feil og det tankevekkjande at skogens evne til å ta opp CO2 vil gå ned i 2050. For mykje gammal skog og for dårleg planting er ein delårsaka.

Då seier det seg sjølv at vern i det omfang ein nå ser ikkje er svaret

Samferdsle, vegar, jernbane og kollektivtrafikk er andre viktige områder. Diskusjonen har gått nå om kollektivtrafikken skal organiserast som eit AS eller som ein del av Fylkeskommunen sin verksemd. Eit fleirtal i fellesnemnda inkludert Senterpartiet ynskjer det som ein del av fylkeskommunen. Ikkje fordi vi på religiøst og prinsipielt grunnlag er mot einkvar organisering som AS eller føretak, men fordi vi meinte dette var den beste løysinga. Kollektivtrafikk heng så tett saman med andre samferdslesaker, by og tettstadutvikling og ikkje minst klima at det etter Vestfold og Telemark SP sitt syn er mest effektiv å ha som ein del av samferdslestaten i den nye fylkeskommunen. Og ikkje minst, vi skal ha ein politisk organsering som er nær folk. Slik som det blir nå er innspel og klager ei sak for hovudutval og ikkje dagleg leiar i eit AS.

Ekspressbussar:

Så må eg seie noko om ei sak som eg synest er alvorleg, og det er det faktum at 25 ekspressruter med buss i landet er lagt ned dei siste åra. At ekspressbussane er under press er og alvorleg for Telemark og Vestfold, nemner som eksempel mellom anna Haukelidekspressen og Timeekspressen Seljord-Torp.

Ekspressbussar og flybussar er eit marknadsbasert kollektivtilbod utan offentlege tilskot. Bussane køyrer over lengre strekningar og bind regionar og byar saman, enten som einaste fylkeskryssande tilbod i distriktet eller som eit viktig supplement til toget. Dette fleksible og kostnadseffektive busstilbodet vert i praksis finansiert gjennom billettinntekter frå dei reisande. Når det gjeld tog, subsidierer staten kvar passasjerkilometer med om lag 2,50 kroner.

Utviklinga i den kommersielle bussmarknaden har vore negativ dei seinare åra. I 2007 var talet på ekspressbussreisande om lag ti millionar, medan ein i 2016 var komen ned på seks millionar. Årsaka til dette er sterk konkurranse som har medført færre ruter og dyrare billetter. Forslagsstillarane meiner det er på tide med ein aktiv tilretteleggingspolitikk for det kommersielle busstilbodet.

Tog og fylkeskommunalt busstilbod får mellom anna kompensert for dei sosiale rabattane som vert gjevne til mellom anna pensjonistar, uføre, born og skuleelevar. Dette må dei kommersielle koste sjølv, noko som gjev ulike konkurransevilkår. I tillegg vert kostnaden for å få tilgang til viktige kollektivknutepunkt oppfatta som høg.

Under regjeringa Solberg har meirverdiavgifta på kollektivtransport auka frå 8 til 12 prosent. Dette er òg med på å svekke konkurransevna til kollektivtransporten.

Senterpartiet har fremja forslag i høve til Ekspressbussar på Stortinget. Dette blir sjølvsagt stemt ned av regjeringspartia på tysdag.

Gode Senterpartivener, regionreforma var ikkje vår ide- den var basert på tvang og vage løfter om oppgåver. Igjen fekk vi rett, nye oppgåver er nesten fråverande.

Så er det sånn at «makta» rår og eit fleirtal på Stortinget ynskte å gjennomføre reforma med tvang. Då er det og vår plikt å gjere det beste vi kan utifrå situasjonen. Å få ei hand på rattet, og vere med å påverke korleis Vestfold/Telemark skal sjå ut og kva for verdiar det skal bygge på. Vi skal ha tenester nær folk anten ein bur i Vinje eller i Holmestand. Nærskuleprinsippet er særst viktig i så måte. At vår ungdom kan gå på vidaregåande utan å måtte flytte på hybel. Ein desentralisert skulestruktur er avgjerande og 3 inntaksområde er eit viktig verktøy. Alt dette er forankra i forslaget til program som vi skal handsame i morgon. Eg vil gje stor ros til våre fylkestingspolitikarar med Terje og Kathrine i spissen for å stå på for det som er viktig for alle innbyggjarar i Vestfold og Telemark.

Gode årsmøte, vi har hatt ein flott innleiing på årsmøtet med innlegget til Ola og den påfølgande generaldebatten, vi skal ha meir debatt, vi skal handsame og diskutere mykje politikk, og sit men ikkje minst vi skal ha det gildt i lag.

Eit riktig og godt årsmøte alle saman !